
Avtale om overdraging

av justeringsrett

mellom

.....

" Overdragar"

og

Osterøy kommune

org.nr. 864 338 712

Rådhuset

5282 Lonevåg

"Mottaker"

Under føresetnad av at det etter gjeldande reglar er mogleg å inngå avtale om overdraging av justeringsrett, har utbygger, som Overdragar, og Osterøy kommune, som Mottaker, inngått følgjande avtale:

1. GJENSTAND FOR OVERDRAGING

Avtalen bygger på utbyggingsavtale om gjennomføring av bygging av VA-anlegg mellom partane for Veveleheiane bustadområde planid 1253 2013003.

Overdragar skal overdra rett til å justere inngående meirverdiavgift for følgjande kapitalvarer:

Tiltak	Bygging av VA-anlegg iht. kart
Namn/adresse for eigedomen	[Sett inn navn/adresse for eiendommen]
Fullføringstidspunkt	[Sett in dato]
Totale avgiftsbelagte anskaffingskostnadar eks. mva.	
Totalt påløpt MVA	kr 0
Totalt frådragsført MVA	kr 0
Overdragars frådragsrett på fullføringstidspunktet angitt i prosent	100 %
Overdragars frådragsrett på overdragingstidspunktet angitt i prosent	85 %
Mottakers frådragsrett på overdragingstidspunktet angitt i prosent	100 %
Opptjent meirverdiavgift ved overdraginga	kr 0
Resterande justeringsbeløp for Overdragar på overdragingstidspunktet	kr 0
Angiving av overført tilbakeførings-/justeringsforpliktinger	kr 0
Angiving av overført justeringsrett	kr 0
Fordeling av MVA på arealer	[Sett inn kort skildring av fordeling, evt vis til vedlegg]

Denne oppstillinga skal vere attestert av revisor.

Den resterande justeringsretten er på Overdragingdagen NOK [...]. Justeringsretten som overføres til Mottaker er NOK [...]. Overdragar tek ansvaret for at avgifta gjeld faktiske kostnader knytta til dei aktuelle kapitalvarene, og at avgiften ikkje tidligere er frådragsført av Overdragar.

2. OVERDRAGINGSTIDSPUNKT

Overdraging av kapitalvarene skjer med verknad ved Mottakers undertekning av overtakingsprotokoll etter at/samstundes med at ferdigattest er gjeven, vedlegg 2, nedanfor nemnt som "Overdragingdagen". Overføring av justeringsrett skjer med verknad frå signering av denne avtale.

3. REGISTRERTE KOSTNADAR OG MEIRVERDIAVGIFT

Overdraginga omfattar alle anskaffingar Overdragar har gjort i samband med kapitalvarene t.o.m. overdragingstidspunktet, i den utstrekning anskaffingane omfattas av justerings- og tilbakeføringsreglane i meirverdiavgiftslova kap. 9.

I dei tilfella kor Overdragaren ikkje har frådragsført inngående meirverdiavgift på anskaffingar for oppføring av infrastruktur, overførast ein justeringsrett til kommunen.

Overdragarens totale anskaffingskostnad utan meirverdiavgift utgjer NOK [...] og total meirverdiavgift NOK [...].

Det er frådragsført NOK [...] meirverdiavgift ved anskaffingane. Meirverdiavgift som ikkje er frådragsført utgjer NOK [...] Overdragars frådragsrett på anskaffings-/fullføringstidspunktet var [...] %.

4. GJENNOMFØRING AV JUSTERINGSRETT

Overdragaren skal gi påminning til Mottaker om fremsetting av justeringskrav innan 31. desember det enkelte justeringsår.

Påminning sendast til Osterøy kommune ved Økonomiavdelinga med kopi til Servicekontoret til følgjende epostadresser:

Okonomi@osteroy.kommune.no
post@osteroy.kommune.no

Mottaker fremjer krav om justering av meirverdiavgifta i omsetnadsoppgåver/kompensasjonsoppgåver for 6. termin kvart år. Viss, uavhengig av årsak, justeringsbeløp ikkje utbetalast frå avgiftsorganet til Mottaker, har Overdragaren ikkje krav på overføring frå kommunen.

Viss Overdragaren har gløymt å sende Mottaker påminning som nemnt over, og Mottaker av denne grunn ikkje har fremja krav om justering av meirverdiavgift til staten, har Overdragaren ikkje krav på justeringsbeløp dette året.

Etter at meirverdiavgiftsbeløpene er utbetalt frå staten til Mottaker, skal Mottaker innan ein måned etter utbetaling overføre beløpet til Overdragaren fråtrukket 15 % administrasjonskostnader. Viss Mottaker på eit tidspunkt endrar storleik på administrasjonsgebyret, vil Overdragaren måtte betale ut frå den til einkvar tid gjeldande sats. Mottaker vil varsle Overdragaren dersom slik endring vert vedteken.

Dersom Mottaker som konsekvens av endringar i regelverk eller forståing av regelverk ikkje lenger kan nytte justeringsrettane, kan ikkje Overdragaren krevje utbetalt beløp i samsvar med avtalen. Avtalen faller da i sin heilheit bort samstundes med endringen. Om slike endringar får tilbakeverkande kraft, pliktar Overdragaren å tilbakebetale tidligare utbetalt beløp.

5. EVENTUELLE ENDRINGAR I OVERDRAGARS OPPLYSNINGAR

Dersom opplysningane som er angitt ovanfor endrast etter at avtalen er inngått, skal Overdragar rette dette overfor Mottaker dersom opplysningane kan føre til endra justerings-/tilbakeføringsbeløp. Dersom

ein part vert kjent med tilhøve som skulle tilseie at vilkåra for justeringsrett ikkje lenger er oppfylt, skal denne part utan unødig opphald underrette den annen part.

Ingen av partane kan overdra sine rettar og pliktar etter avtalen uan skriftleg samtykke frå den andre parten.

6. VERNETING

Tvist om gildskapen eller tolkningen av denne avtale, og einkver annen tvist som måtte oppstå i samband med avtalen, avgjerast etter norsk lov med Nordhordland Tingrett som verneting.

7. UNDERTEIKNING

Denne avtale er utferda i 2 – to – originaleksemplarer og partene får kvart sitt eksemplar i underteikna stand.

[Stad], [dato]

Overdragar

Mottaker

Vedlegg:

1. Justeringsoppstilling, attestert av revisor
2. Overtakingsprotokoll
3. Kart kommunalt VA-anlegg